En av Tollvesenets skanneroperatører viste hvordan en skanning foregår og hva tollerne ser etter når de vurderer skannerbildene.

– Jeg skjønner at det kreves erfaring og dyktige tollere for å tolke disse bildene. For meg ser jo disse bildene ikke mistenkelige ut, sa finansministeren.

Tollvesenets stasjonære skanner på Svi-



MØTTE PÅ SVINESUND: Finansminister Siv Jensen møtte på Svinesund for å lansere nyheten om ny oppgavefordeling mellom Tollvesenet og Skatteetaten. Fra venstre: Wenche Fredriksen, kontorsjef Svinesund, Siv Jensen og toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse.

nesund og de tre mobile skannerne som er plassert andre steder gjør tollernes hverdag enklere og langt mer effektiv. Skanneren er et viktig hjelpemiddel som tolleren bruker til å avgjøre om det er grunnlag for en grundigere manuell kontroll av kjøretøyet.

FLERE TOLLERE PÅ GRENSEN

Tollvesenet skal nå rendyrkes for å utnytte sin strategiske posisjon på grensen. Tollvesenet skal drive effektiv grensekontroll og vareførselsadministrasjon for næringslivet og for de reisende.

– En styrket grensekontroll gir bedre beskyttelse av det norske samfunnet, sier finansministeren.

Tollvesenet skal få flere tollere på grensen, bedre utstyr og flere virkemidler. Det skal utredes om etaten skal få begrenset politimyndighet, og regjeringen gir Tollvesenet i oppdrag å komme med forslag til dette.

– Vi skal styrke grensekontrollen og Tollvesenet som grenseetat, samtidig som vi skal videreutvikle vår effektive vareførselsadministrasjon og endre oppgavefordelingen mellom Skatteetaten og Tollvesenet. Det blir en krevende, men spennende oppgave, sier

tolldirektør Bjørn Røse.

SÆRAVGIFTER OG MERVERDIAVGIFT

Finansdepartementet opplyser i en pressemelding at Skatteetatens helhetlige ansvar for skatter og avgifter vil frigjøre ressurser, gi stordriftsfordeler og begrense kostnader ved utvikling av nye IT-løsninger. Ved å samordne administrative prosedyrer for flere avgiftstyper, får Skatteetaten også bedre muligheter til å se disse i sammenheng. Tiltaket kan dermed bidra til å redusere omfanget av svart økonomi og skatte- og avgiftssvindler, og gi de skatte- og avgiftspliktige bedre tjenester og service.

UTREDNINGER

Tollvesenet og Skatteetaten skal utrede hvordan overføringen av særavgifter og innførselsmerverdiavgift best kan gjennomføres. Endringene skal gjennomføres snarest mulig og senest 1. januar 2016.

– I godt samarbeid med Skatteetaten, vil vi nå utrede den nye oppgavefordelingen mellom Tollvesenet og Skatteetaten og hvordan endringene kan gjennomføres på en god og smidig måte, sier Røse. ■

Hver dag kommer ca. 25 rutebussar fra utlandet til Norge over Svinesund. På grensen har vært med på tollkontroll på buss.

Foto: Terje Heiestad



Ankomst

Bussen fra Malmö til Oslo ankommer Svinesund og blir vinket inn til kontroll.



Hundesøk

Først blir det gjennomført et hundesøk inni bussen.



Bagasjerom

Hunden får også snuse i bagasjerommet. Det ble ingen funn denne dagen.




Samtaler

Når hunden er ferdig, prater tollerne med passasjerene. Det ble avdekket flere tilfeller av forsøk på ulovlig innreise. Disse sakene overlates til politiet for videre oppfølging.



En ekstra koffert

Ingen av passasjerene ville vedkjenne seg denne kofferten. Men den inneholdt ikke ulovlige varer.



Bygger varebil: Mirsad Hajrizi har bygget varebiler hos Lafinto i 16 år. Her er det en Peugeot som skal få nytt gulv og skillevegg montert.

JOBBER MIN

Navn: Mirsad Hajrizi
 Yrke: Varebilombygger
 Arbeidsplass: Lafinto AS
 Antall kolleger: 30

Bygger varebiler

I Norge kan enkelte personbiler bygges om til varebiler og selges med redusert avgift. Et av kravene er at bilenes lasterom er stort nok til den såkalte «statskassa» etter ombygging.

TEKST OG FOTO Simen Narjord

På grunn av avgiftsnivået på personbiler, kan man på enkelte biltyper spare store beløp på å registrere dem som varebiler. Ulempen er selvfølgelig at man da får kun to seter, og en skillevegg som i mange tilfeller må plasseres rett bak forsetene.

Siden disse avgiftsreglene er særegne for Norge, blir slike kjøretøy levert som ordinære personbiler til norske importører. Dette har gitt rom for en egen liten næringsvei i Norge, nemlig ombygging fra personbil til varebil. Lafinto i Fredrikstad er et av flere selskap i dette markedet.

LANG ERFARING

Mirsad Hajrizi har arbeidet som varebil-

ombygger ved Lafinto i 16 år.

– Jeg har nok jobbet med mange tusen biler gjennom disse 16 årene, sier han. I de travleste årene har Lafinto levert over 2000 ulike kjøretøyer til norske kunder.

– Jeg liker arbeidet veldig godt. Det er mange forskjellige biler vi jobber med, og det er forskjellige modifikasjoner som må til for å få plass til «statskassa». Statskassa er kal-lenavnet på den tenkte kassen på 140 x 90 x 105 cm som må få plass inni lasterommet for at bilen skal kunne godkjennes som varebil.

ULIKT OMFANG

– Det varierer hvor mye arbeid det er med de forskjellige biltypene. De største bilene

– For mange bedrifter er varebilene både kontor og mini-lager, så da er det viktig å ha fleksible innredningsløsninger i varerommet.

er de enkleste. Der er det stort sett bare å skru ut setene og montere skillevegg, forteller Mirsad.

Den mest omfattende jobben er med biler som er i grenseland for om det i det hele tatt er mulig å få inn den tenkte kassen i varerommet. Det er ofte bakerst det blir trangt, fordi bakluken har hengsler som går inn i varerommet og derfor stjeler plass.

– På noen biler må vi øke takhøyden. Det skjer ved at vi skjærer hull i det opprinnelige taket, og setter på en glassfibertopp som gjør at kassen går inn. I andre biler må vi gjøre endringer i gulvet, slik som på denne Peugeoten, forteller Mirsad.

EN SÆREGEN BRANSJE

Varebilombygging og innredning av varebiler er det nærmeste vi kommer en egen bilindustri her i Norge.

– Vi samarbeider tett med de bilimportørene som bruker våre løsninger. Hvis du ønsker en varebil, så må du kjøpe den via den ordinære forhandlerkanalen. Biler som skal bygges om, blir levert fra forhandlere og importører til oss, og kunden forholder seg til forhandleren slik som han gjør med andre biler. Kunder som allerede har en varebil og som ønsker seg en spesiell innredning, kan imidlertid henvende seg direkte til oss, sier administrerende direktør i Lafinto, Eivind Wolff.

POPULÆRE FIREHJULSTREKKERE

– Vi ser helt klart at det er behov for varebilregistrerte firehjulstrekkere i Norge.



Norsk næring: Administrerende direktør i Lafinto AS, Eivind Wolff, og Mirsad Hajrizi bygger om opptil 2000 ulike vare- og nyttekjøretøy hvert år.

Kraftverk, entreprenører og håndverkere i distriktene er viktige kundegrupper. For mange bedrifter er varebilene både kontor og minilager, så da er det viktig å ha fleksible innredningsløsninger i varerommet, sier Wolff.

GODKJENNES FØR BRUK

Når det kommer nye modeller på markedet som kan egne seg for varebilombygging, så lages først en prototype. Disse bilene kommer ikke for salg. Prototypen går gjennom alle nødvendige godkjenninger, både hos vegmyndighetene og hos importørene. Det er likevel slik at alle kjøretøy som skal registreres må enkeltgodkjennes.

– Vi har et veldig godt samarbeid med trafikkstasjonen her i Fredrikstad som godkjenner alle biler før de sendes tilbake til forhandlerne, sier Wolff. ■

Utdrag tekniske krav

IKKE SETER BAK FØRERSETET

- Skal ha fastmontert beskyttelsesvegg mellom fører-/passasjerrom og godsrom.
- Avstanden mellom beskyttelsesvegg og karosseri skal ikke overstige 5 cm (spesielle regler gjelder for airbag).
- Varerommet skal være utformet slik at det kan romme en tenkt, rettvisk kasse med lengde 140 cm, bredde 90 cm og høyde 105 cm.
- Fullstendige krav til varebil klasse 2: Engangsavgift for motorvogn m.m. for 2014 er tilgjengelig på toll.no.

REDUSERTE SATSER ENGANGSAVGIFT

- Vektkomponent: 22 prosent av personbilavgift
- Effektkomponent: 22 prosent av personbilavgift
- NOx-komponent: 30 prosent av personbilavgift
- CO2-komponent: 30 prosent av personbilavgift

RÅD OG TIPS

TOLLTARIFF


Ordbok: Tolltariffen, som er tilgjengelig fra toll.no, er en varebetegnelse som angir om en vare kan importeres tollfritt eller om den er tollpliktig, og etter hvilken sats tollen i tilfelle skal betales. Den norske tolltariffen er basert på en internasjonal konvensjon som inneholder en nomenklatur for klassifisering og beskrivelse av varer. Denne oppdateres jevnlig.

OPPRETT ABONNEMENT PÅ TOLL.NO

Tips: Ved å abonnere på nyhetsbrev fra toll.no, får du automatisk oppdateringer på e-post om tema som du er interessert i. Gjennom abonnementet får du beskjed når vi har publisert nyheter, rundskriv, veiledere, regelverksendringer og annet på tema som du selv har valgt. Du kan også velge hvor ofte du ønsker å motta e-posten.

KALKULATORER

RÅD: På toll.no finner du flere kalkulatorer som hjelper deg med å beregne riktige kjøretøyavgifter. Du finner en kalkulator for beregning av avgifter ved import av kjøretøy, en kalkulator for å beregne hvor mye du må betale i engangsavgift når kjøretøyet forandrer avgiftsmessig status, f. eks. fra varebil til personbil, og en kalkulator som beregner omregistreringsavgift.



Mobiltilpasset: De nye nettsidene vil kunne tilby gode brukeropplevelser også på små skjermer.

Tollvesenet får nye nettsider

I løpet av sommeren får Tollvesenet nye nettsider. Det skal bli lettere å finne fram, tekstene er forbedret og nettsiden vil være tilpasset visning på nettbrett og mobiltelefoner.

Dagens nettsider, www.toll.no, kom på lufta i 2005. Siden den gang har det vært en enorm utvikling der mobil og nettbrett tar over for stasjonære pc-er. På toll.no kommer snart en av tre besøkende fra mobile plattformer. De nye nettsidene vil kunne tilby gode brukeropplevelser på små skjermer.

– Tilpasning av siden til mobil gjør at vi må tenke nytt om design og innhold. Små skjermer krever hardere prioritering og en forenkling av måten å presentere innholdet på. Vi «forstyrrer» hovedinnholdet på siden minst mulig. Dette er et godt prinsipp også for større skjermer, forteller nettredaktør Hilde B. Jenssen i Toll- og avgiftsdirektoratet.

– Etter planen skal de nye nettsidene lanseres i løpet av sommeren. Utviklerne holder nå på med kodearbeidet. Samtidig jobber vi hardt med forbedring av tekster.

TYDELIG SKILLE MELLOM NÆRINGS LIV OG PRIVAT

En stor endring fra dagens nettsider er at sidene blir delt i innhold for næringslivet og innhold for privatpersoner med hver sin forside.

– Forsiden for næringslivet vil være mer skreddersydd for denne brukergruppen. Vi tror og håper at alle blir mer fornøyd med denne løsningen. Som tidligere vil det fortsatt være mulig å abonnere på nyheter og endringer på e-post, sier Jenssen.

BEDRE TEKSTER

– Brukerundersøkelser viste at mange hadde problemer med å forstå tekstene våre. Det har ført til et omfattende arbeid for å forbedre tekstene, forteller nettredaktøren.

Tre parter deltar i dette arbeidet. Infosenteret i Tollregion Oslo og Akershus gir innspill til hvordan tekstene fungerer i dag og hva brukerne spør om. Kommunikasjonsstaben gir råd om språk og tekstutforming, og fagavdelingene sikrer at innholdet blir korrekt.

– Dette er tidkrevende arbeid. Vi har mye komplisert regelverk med mange detaljer. Vi har allerede publisert en del nye tekster, og tror vi har lykkes bra så langt. Tilbakemeldinger fra brukerne våre forteller at fire av fem brukere synes det nye innholdet er nyttig, sier Jenssen. ■



PROFIL

VALBORG BISHOP (48) begynte som toller i Stavanger i 1986. Hun har alltid jobbet med grensekontroll, og de siste 13 årene har hun vært kontorsjef for grensekontrollen i Stavanger. Hun er gift med en engelskmann og har to barn på 21 og 14 år. På fritiden liker hun å trene, og da går det enten i jogging eller trening på helsesenter. Om vinteren er det skiene som frister mest.

Motiveres av resultater

Valborg Bishop er leder for grensekontrollen ved tollkontoret i Stavanger.

TEKST Tore Skår FOTO Elisabeth Tønnessen

HVA JOBBER DU MED?

Jeg er leder for grensekontrollen ved tollkontoret i Stavanger. Vi har ansvaret for grensen helt fra Åna-Sira i sør til Boknafjorden i nord. Vi er til sammen 28 på grensekontrollen, hvorav 23 tjenestemenn som jobber i turnus og der 3 av dem er hundeførere. Men vi skal bli flere: I skrivende stund holder vi på med å gå gjennom søknadsbunken til nye stillinger hos oss. Heldigvis er det mange som søker, og vi gleder oss til å få nye medarbeidere.

Grensekontrollen har hovedkontoret sitt på Stavanger lufthavn Sola, og en av våre hovedaktiviteter er å sørge for en god grensekontroll på flyplassen. Sola er blant landets største flyplasser – en travel flyplass med mye aktivitet.

Vi har også daglige anløp og avganger for ferge til og fra Danmark, hvor vi er til stede. Båten seiler mellom Hirtshals, Stavanger og Bergen. Trafikken er voksende; Fjordline

har satt inn to nye store gassferger med god kapasitet, og vi ser at godsmengdene øker.

Vi har også flere andre kontrollområder å ta tak i, blant annet gjennomfører vi jevnlig fartøykontroller. Og vi utfører avgiftskontroller rettet mot for eksempel ubetalt årsavgift, bruk av avgiftsfri diesel og bruk av utenlandsregistrerte kjøretøy. Vi er en grensekontrollenhet med et stort oppgavespenn.

For å utføre jobben vår, er vi avhengig av et godt samarbeid med andre offentlige etater. I Stavanger jobber vi mye sammen med politiet og kystvakten. I og med at vi har ansvar for en lang kyststripe, er samarbeidet med kystvakten viktig. Vi har også godt samarbeid med Mattilsynet og Statens vegvesen.

Tollkontoret i Stavanger er delt opp i to kontorer. I tillegg til oss som jobber med grensekontroll, har vi tjenestemenn som jobber med blant annet fortolling og som tollrevisorer. De holder til i Statens hus i Stavanger.

HVA ER DINE STØRSTE UTFORDRINGER?
Akkurat nå ser det ut til å bli en utfordring

for oss at det ligger an til at Fjordline skal få lov til å ta med innenlandstrafikk mellom Stavanger og Bergen på sine seilinger til og fra Danmark. Dette vil kunne gi oss noen kontrollutfordringer, blant annet fordi vi blander innenlandstrafikk og utenlandstrafikk. Men vi er i gang med å se på hvordan dette kan løses, og har en god dialog med Fjordline om saken.

Vi har også en kontinuerlig utfordring med å finne ut hvor vi skal rette innsatsen. Skal vi prioritere kontrollen på Sola eller ved fergen? Eller er det andre typer kontroller vi skal prioritere? Slike vurderinger gjøres kontinuerlig. Jeg tror det er bra – det gjør at vi hele tiden må tenke på hvordan vi kan jobbe smartest mulig, og det medfører at vi utvikler oss.

Gjennom den jobben vi utfører, oppnår vi resultater. Vi gjør beslag, vi stopper narkotika fra å komme inn på markedet og vi stopper andre ulovlige varer. Gjennom vår tilstedeværelse, utgjør vi en forskjell. Det er en viktig motivasjonsfaktor. ■

– Fyrverkeri er eksplosiv, derfor er fyrverkerihandel strengt regulert. Etter at forbodet mot pinnerakettar blei innført i 2008, har det blitt 70 prosent færre skadar.

Hindrar farglege produkt

Direktoratet for samfunstryggleik og beredskap (DSB) og Tollvesenet er begge viktige aktørar i arbeidet med å hindre at farlege produkt hamnar på marknaden.

TEKST Tore Skår FOTO DSB



Produkttryggleik: Torill Tandberg i DSB peiker på at dei har ei viktig rolle for å følgje opp forbrukar- og produkttryggleiken i Noreg.

DSB arbeider med tryggleik i samband med produkt og forbrukartenester innanfor lov om kontroll med produkt og forbrukartenester (produktkontrolllova), lov om tilsyn med anlegg og elektrisk utstyr (el-tilsynslova) og brann- og eksplosjonsvernlova. Målet er å redusere risikoen for alvorlege skadar og dødsfall som følgje av bruk av produkt eller forbrukartenester.

EØS-VARELOVA

– Vi samarbeider godt med DSB på fleire område. Mellom anna skal vi no i gang med eit samarbeid for å følgje opp EØS-varelova, som er EU sitt regelverk for å sikre at varer i den indre marknaden oppfyller krava til viktige samfunnsomsyn som helse, miljø og tryggleik, samtidig som vareflyten ikkje skal stoppast, seier Liv Rundberget, som er underdirektør ved vareførselsseksjonen i Toll- og avgiftsdirektoratet.

Torill Tandberg i DSB peiker på at dei har ei viktig rolle for å følgje opp forbrukar- og produkttryggleiken i Noreg.

– Denne lova stiller krav til oss som marknadstilsynsmyndigheit, seier Tandberg, som er avdelingsdirektør for avdeling for næringsliv, produkt og farlege stoff.

– Mandatet vårt er å gå ut i marknaden og føre tilsyn med at produkta som finst der i dag oppfyller HMS-krava. Men EØS-varelova stiller òg krav til at vi skal samarbeide med Tollvesenet. Og det er bra, for det beste er at vi får stoppa produkt som ikkje tilfredsstiller HMS-krava på grensa, presiserer Tandberg.

Tollvesenet har høve til å stanse og halde tilbake varesendingar når det er mistanke om at krava til helse, miljø og tryggleik ikkje blir oppfylte. I desse tilfellene kontakter Tollvesenet fagmyndigheiten.

– Tollvesenet har fleire gonger kontakta oss og bedt oss sjå nærmare på produkt som kanskje må stoppast, seier Tandberg.

MÅLRETTA KONTROLL

Ho presiserer at samarbeidet er godt. Gjennom fortollingssystemet kan Tollvesenet ha målretta kontrollar, og det blir gjort i samarbeid med DSB. I tillegg er DSB kontaktpunkt for EU sitt meldesystem om farlege produkt, RAPEX.

– Vi gir òg tollarar opplæring i kva dei skal sjå etter når dei står overfor produkt som kanskje bør stoppast frå å komme ut på marknaden, forklarar Tandberg.



Fyrverkeri: Tollvesenet og DSB samarbeidar mellom anna om fyrverkeri. Alle som skal innføre fyrverkeri frå utlandet til Noreg, må søkje DSB om løyve. Foto: Audun Braastad / NTB Scanpix

FYRVERKERI

Eit anna område etatane samarbeider på, er fyrverkeri. Det er DSB som forvaltar regelverket som er knytt til handel og trygg bruk av fyrverkeri og pyroteknikk.

– Fyrverkeri er eksplosiv, derfor er fyrverkerihandel strengt regulert. Etter at forbodet mot pinnerakettar blei innført i 2008, har det blitt 70 prosent færre skadar. Men det har vore like mange augeskadar som før. Det viser kvifor denne marknaden må vere strengt regulert, poengterer Tandberg.

Alle som skal innføre fyrverkeri frå utlandet til Noreg, må søkje DSB om løyve. Og dersom ein tek med seg fyrverkeri over grensa, må ein kontakte Tollvesenet på raud sone for å vise fram gyldig løyve frå DSB.

– Dersom Tollvesenet avdekkjer fyrverkeri i kontroll på grøn sone, blir det alltid beslaglagt, sjølv om ein har gyldig løyve frå DSB og verdien på fyrverkeriet er innanfor den toll- og avgiftsfrie kvoten, seier Liv Rundberget.

Tandberg forklarar at reduksjonen i talet på skadar her i Noreg har ført til interesse frå Sverige og resten av Norden, og truleg vil fleire land stramme inn fyrverkeriregelverket.

KJEMIKALIUM

Eit tredje område der DSB og Tollvesenet samarbeider tett, er det som gjeld innførsel av kjemikalium til ulovleg produksjon av eksplosiv og narkotika.

– Kvar dag blir det omsett og brukt store mengder kjemikalium heilt lovleg i Noreg. Men i feil hender kan desse stoffa brukast til ulovleg produksjon av eksplosiv og kjemisk narkotika, seier Tandberg.

DSB har foreslått og sett i verk ei rekkje tiltak for å hindre at kjemikalium som blir brukte til eksplosiv hamnar i urette hender. Som eit ledd i kampen mot terror, har EU vedteke påbod som legg avgrensingar på ammoniumnitrat og 14 andre stoff og stoffblandingar. Desse påboda vil gjelde i Noreg frå september 2014. Det er alt innført avgrensingar på ammoniumnitrat.

Det vil òg komme restriksjonar på kven som kan kjøpe og krav til dei som sel bestemte kjemikalium, og det vil bli innført rapporteringsplikt og krav om å rapportere mistenkjelege kjøp. DSB kontrollerer verksemdar som handterer kjemikalium for å sjekke at kjemikalia blir brukte på ein trygg måte og at dei ikkje kjem på avvegar. For sprengstoff har det i alle år vore svært

strengt regime for all handtering.

Kripos er nasjonalt kontaktpunkt for mistenkjelege transaksjonar med bombe-kjemikalium, med involvering frå Politidirektoratet, PST og DSB. Tollvesenet er i første rekkje ein hjelper for justismyndigheitene når det gjeld grensekryssande vareførsel.

– Sjølv om vi legg inn ein del restriksjonar og rapporteringsplikt, er det likevel viktig at vi alle saman, både i bransjen og industrien, følgjer godt med, seier Tandberg og Rundberget. ■

Fakta

OM DSB

DSBs ansvar på samfunnstryggleiksområdet omfattar nasjonal, regional og lokal tryggleik og beredskap, brann- og eltryggleik, industri- og næringslivstryggleik, farlege stoff og produkt- og forbrukartryggleik.

- DSB har ansvar for Sivilforsvaret.
- DSB er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet.
- Direktoratet held til i Tønsberg.

HISTORIE



SKILTLESENDE KAMERA: Oblatordninga blei avvikla i 2012. I dag blir skiltlesende kamera brukte for å kontrollere om årsavgifta er betalt (foto: nyebilder.no).

Årsavgifta

20. mars i år var det forfall på årsavgifta. I år blei det sendt ut krav om årsavgift for 3,6 millionar køyretøy, ein auke på 69 000 køyretøy frå i fjor. I år er det venta at årsavgifta vil gi ei samla inntekt på 9,46 millionar kroner til statskassa.

Årsavgifta er den største kravutsendinga til Tollvesenet. Ho har etter kvart òg begynt å bli ei tilårskommen avgift. Det har vore skriva ut årsavgift på personbilar heilt sidan 1917. Avgifta blei den gongen etablert under nemninga «Skat paa motorvogner og lystfartøier» som ledd i skattlegginga av «luksus».

I starten var avgifta basert på verdien til køyretøyet, og ho blei skriven ut med progressive satsar etter modellen og verdien til køyretøyet. Satsane blei 1 % av verdi under 2500 kroner, 2 % av verdi mellom 2500 og 5000 kroner, 3 % av verdi mellom 5000 og 10 000 kroner og 4 % av verdi over 10 000 kroner.

I åra etter avgiftsinnføringa auka satsane jamt og trutt. I 1930 blei avgifta sløyfa for lystfartøy, og nemninga på avgifta blei endra til «Skatt på motorvogner».

STYKKAVGIFT

Avgifta blei kalla «luksusavgift» fram til 1959. Ved lov av 19. juni 1959 gjekk ein så vekk frå dei differensierte satsane og over til den forma for årsavgift vi har no, som er ei stykkavgift med faste satsar, uavhengig av registreringsår, verdi og storleik på køyretøyet. Ved overgangen til udifferensiert avgift blei avgiftsbeløpet fastsett til 200 kroner per år for personbilar som var registrerte etter 2. februar 1959.

I 1959 skifta avgifta namn til «Årsavgift på personbilar og motorsyklar», og frå 1971 blei avgifta kalla berre «Årsavgift».

Årsavgiftssatsen var den same frå 1959 til 1969. Då gjekk avgifta opp til 250 kroner. I 1971 blei avgifta sett til 300 kroner og blei ståande på det til 1980 – då gjekk avgifta opp til 400 kroner. Sidan har årsavgifta blitt sett opp jamt og trutt så å seie kvart år.

FISKAL AVGIFT

Årsavgifta er ei reint fiskal avgift, det vil seie at inntektene frå avgifta går direkte i statskassen utan noka form for øyremeking. Avgifta er ikkje meint som kompensasjon for at bilførarane bruker vegnettet, og tek ikkje omsyn til om køyretøyet blir nytta lite eller mykje. Avgifta gjeld for ulike typer køyretøy med tillatt totalvekt under 7 500 kg.

I 2008 blei det innført ein miljøkomponent i avgifta. I budsjett dokumenta blei det grunnlagt slik: «De nyeste diesebilene uten partikkelfilter forårsaker i gjennomsnitt noe mer lokal forurensning i form av høyere utslipp av partikler og NOx enn de nyeste bensinbilene. For å begrense den lokale forurensningen, foreslår Regjeringen en miljødifferensiering av årsavgiften [...]»

Endringa førte til at bensinbilar og diesebililar med fabrikkmontert partikkelfilter fekk ein lette i årsavgifta, mens diesebililar

utan fabrikkmontert partikkelfilter fekk høgare avgift.

TOLLVESENET INNKREVJAR SIDAN 1974

Då Avgiftsdirektoratet blei oppretta i 1954, tok dei over oppgåva med årsavgiftsinnkrevjing frå skattefogdane. Frå 1974 blei oppgåva utført av Tollvesenet, ettersom Avgiftsdirektoratet formelt blei slått saman med Tolldirektoratet i 1974.

I 1984 blei det innført ei tilleggsavgift på 250 kroner for årsavgift som ikkje blei betalt ved forfall. Denne avgifta har stått sidan. Tollvesenet overtok ansvaret for avskiltinga i 1990. Før den tid var det berre politiet og Statens vegvesen som hadde avskiltingsmyndighet.

I 1993 blei oblatordninga innført, ei ordning som medførte at bileigarane måtte klistre oblat/klistremerke på bilskilta. Oblatet var eit bevis på at bileigaren hadde betalt årsavgifta, gjennomført EU-kontroll og betalt forsikringa. Ordninga blei avvikla i 2012.

I 2014 er årsavgifta delt inn i fire avgiftsgrupper med ulike satsar, avhengig av type køyretøy.

Frå 1. januar 2016 tek Skatteetaten over oppgåva med å krevje inn årsavgifta.

Kilder: regjeringen.no, toll.no, Tollvesenets historiebok

TAL OM TOLL

10

kilo er grensa for kva du kan ta med deg av kjøt, kjøtvarer, ost og fôrvarer når du reiser til Noreg frå eit anna EØS-land.

22,1

millionar kroner i udeklarerat valuta blei avdekt i kontrollar på Oslo lufthamn Gardermoen i 2013.

161,50

per HK er avgiftssatsen som skal betalast ved innførsel og innanlandsk produksjon av båtmotorar på minst 9 hestekrefter.

5000

kroner er minsteverdien for at vare-sendingar som skal sendast ut av Noreg, skal deklarerast til Tollvesenet.

33 000

trua dyre- og planteartar over heile verda er beskytta av CITES, som er ein internasjonal avtale som overvakar og regulerer handel og transport med trua ville artar.

Gi innspel til tolltariffen 2015

I samband med utarbeidinga av neste års tolltariff, inviterer Tollvesenet næringslivet og offentlege organ til å komme med innspel til endringar i korleis tolltariffen blir delt opp. Innspel kan sendast til tolltariffen@toll.no. Skriv «Innspel til tolltariffen 2015» i emnefeltet. Fristen for å sende innspel er 11. april 2014. Det er sett nokre krav til forslaga – mellom anna må endringar vere teknisk mogleg å gjennomføre i forhold til HS-nomenklaturen, og behovet for nye oppdelingar må dokumenterast. Les meir om dette på toll.no.

TOLLTAVLA

KURS FOR NÆRINGSDRIVANDE

[Arrangør: Tollregion Oslo og Akershus]

KURS	TIDSPUNKT	KVAR	FOR KVEN
Basiskurs i tollbehandling	1. april 2014 klokka 08.30–16.00. Påmeldingsfrist 25. mars.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Alle som tollekspederer varer eller driv verksemd knytt til import eller eksport.
Kurs for tollagerhaldarar	2. april 2014 klokka 09.00–15.00. Påmeldingsfrist 3. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Personar som jobbar i spedisjonsbransjen og personar som jobbar med import og eksport av varer.
Kurs i tollova og meirverdiavgiftslova	9. april 2014 klokka 08.30–15.00. Påmeldingsfrist 2. april.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Alle som jobbar med import eller produksjon av særavgiftspliktige varer.
Kurs i opphavsreglar – preferansetollbehandling	24. april 2014 klokka 09.30 – 14.00. Påmeldingsfrist 16. april.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Personar som importerer eller eksporterer næringsmiddel eller vurderer å begynne med det.
Basiskurs i tollbehandling	7. mai 2014 klokka 09.00–15.00. Påmeldingsfrist 16. april.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Personar som har ansvar for eller oppgaver knytte til tollageret eller som ønskjer å opprette tollager.
Kurs i klassifisering – lær tolltariffen å kjenne	8. mai 2014 klokka 09.00–15.00. Påmeldingsfrist 2. mai.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Alle som tollekspederer varer eller driv verksemd knytt til import eller eksport.
Kurs i klassifisering av næringsmiddel	14. og 15. mai 2014 klokka 08.30– 15.00 kvar dag. Påmeldingsfrist 7. mai.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Gardermoen, Edvard Griegs vei.	Personar som importerer eller eksporterer næringsmiddel eller vurderer å begynne med det.

TOLLREGIONANE

Tollregion Aust-Noreg
austnoreg@toll.no
+47 69 36 22 00

Tollregion Sør-Noreg
sornoreg@toll.no
+47 38 12 00 12

Tollregion Midt-Noreg
midtoreg@toll.no
+47 73 88 43 00

Tollregion Oslo og Akershus
oslo@toll.no
+47 22 86 03 00

Tollregion Vest-Noreg
vestnoreg@toll.no
+47 55 57 37 00

Tollregion Nord-Noreg
nordnoreg@toll.no
+47 77 62 55 00

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Infosenter: 0 30 12
Narkotips: 80 03 12 12
Årsavgift: 22 86 02 00
Vektårsavgift og vrakpant: 75 54 95 00



«Statskassa» må få plass!

SE SIDE 20



Toll på mobilen! SE SIDE 22

Nytt om bil

TILLATE MED UTANLANDSKREGISTRERT LÅNEBIL

Har du fast opphaldsstad i Noreg, kan du no lovleg innføre og bruke eit privatlånt utanlandskregistrert køyretøy.

Det er visse krav det er viktig å rette seg etter:

- Du kan bruke køyretøyet i inntil 25 dagar totalt i ein periode på tolv månader.
- Meld frå til Tollvesenet før køyretøyet skal innførast til Noreg.
- Den som bruker køyretøyet, er ansvarleg for at det har godkjend forsikring.

Du kan melde frå elektronisk på skjemaet «Meld inn bruk av utanlandskregistrert lånebil», som er tilgjengeleg på toll.no, eller direkte hos Tollvesenet når du passerer grensa.

MILJØTILPASSA EINGONGSAVGIFT

Eingongsavgifta påverkar utsléppsnivåa i bilparken.

- Dei siste åra har innslagspunktet for CO₂-avgifta gått ned, samtidig som satsane for køyretøy med svært høgt CO₂-utslépp har gått opp.
- Det gjennomsnittlege CO₂-utsléppet for nye bilar som blei registrerte i 2013 var 123 g/km. I 2012 var det tilsvarande talet 130 g/km og i 2011 var det 134 g/km, ifølgje Opplysningsrådet for veitrafikken.

NYE BRUKSFRÅDRAG

Toll- og avgiftsdirektoratet gjennomførte i 2013 ei høyring om å endre bruksfrådraga i eingongsavgifta ved import av brukte køyretøy.

Bruksfrådraga er no oppdaterte basert på nye berekingar av det reelle økonomiske verdifallet på køyretøyet. Det vil bidra til at køyretøy som blir brukimporterte og brukte køyretøy som blir omsette innanlands, blir behandla meir likt. I tillegg til at det er gjort mindre justeringar i satsane i det enkelte alderssegmentet, blir det no gitt frådrag med ein aukande sats heilt fram til køyretøyet er 30 år gammalt.

TILLEGSAVGIFT VED OMBYGGING – FØRSTEGONGSREGISTRERT ETTER 1. JANUAR 2014

Reglane for å berekne tilleggsavgift ved ombygging av køyretøy, til dømes frå varebil til personbil (statusending), er òg endra.

Dei nye reglane gjeld for køyretøy som er førstegongsregistrerte i Noreg frå og med 1. januar 2014. Bruksfrådragstabellen som blir nytta ved import av brukte køyretøy, skal òg brukast når ein skal berekne tilleggsavgift ved ombygging. Den nye bruksfrådragstabellen er tilgjengeleg på toll.no. Tiårsregelen for avgiftsfri ombygging gjeld ikkje for køyretøy som er førstegongsregistrerte etter 1. januar 2014. ■

TEKST: Simen Narjord

TOLL
CUSTOMS